

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	29.01.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjersti Flatråker	14/577	14/12988

### Langhøyane bustadområde - detaljregulering - klagehandsaming - plansak 12602011000100

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følge. Vedtak fatta i kommunestyret i sak KS-027/13 vert stadfesta. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33(2).

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.


#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Radøy kommune mottok 10.10.2014 klage på reguleringsplan for Langhøyane bustadfelt. Reguleringsplanen var godkjent i kommunestyret i møte 26.09.2013. Klagen er motteke etter normal klagefrist då det viser seg at eigar av eigedom innafor planområdet ikkje vart varsla om det endelege vedtaket. Radøy kommune sette ny klagefrist for denne grunneigaren til 15.10.2014 og har motteke klage innan fristen.

##### Heimelshavar

Klagar er heimelshavar til 45/51.



## Klage

Heidi og Abjørn Mongstad har den 08.10.2014 klagt på kommunestyret sitt vedtak KS-027/13 av 26.09.2013.

### **KS-027/13 Vedtak:**

*«Detaljplan for Langhøyane bustadfelt vert godkjent med planskildring, plankart og føresegner slik dei ligg føre.*

*Grunngjeving av vedtaket er at reguleringsplanen er i tråd med kommunedelplan for Manger.*

*Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 12-12.»*

### **Klagegrunnar**

Klagar har vis til følgjande klagegrunnar:

- Har ikkje motteke varsel om endeleg vedtak av reguleringsplan
- Opplev det som vanskeleg å få informasjon om vegutvidinga
- I opprinneleg framlegg til plan var det teikna inn fortau på sørsida av vegen
- Fylkesvegen kjem nærare huset
- Meir støy for bustaden
- Etablert støyskjerming vert fjerna, utan at det er lagt inn krav om ny
- Tilkomst til garasje vert utilgjengeleg
- Vil miste tilkomst til underetasjen i uthuset

- Ei utviding på nordsida vil ikkje råke opparbeidd eigedom

## **Rettsleg grunnlag**

Rettsleg grunnlag i saka er plan- og bygningslova (pbl) § 12-4 om rettsverknad av reguleringsplan og § 12-12 om vedtak av reguleringsplan.

Følgjande rettsleg utgangspunktet gjelder:

- Kommunestyret sitt endelege vedtak om reguleringsplan kan påklagast
- Rettshavarar innafør planområdet skal varslast særskilt med brev

## **Vurdering**

Rådmannen har vurdert klagen og merknad til klageskrivet sendt inn av nabo.

## **Ikkje varsla om endeleg vedtak**

Endeleg vedtak med godkjenning av reguleringsplan vart sendt ut og varsla grunneigarane i planområdet. Ein kan sjå av adresselista at grunneigarane på gbnr 45/51 ikkj er varsla direkte med brev slik plan- og bygningslova krev. Kva som er grunnen til dette er litt vanskeleg å sjå, men eigedomen er berre delvis innafør planområdet og kan difor ha falt ut av den grunn.

## **Vanskeleg å få informasjon**

Mykje av informasjonen i plansaker ligg på nett, men det kan vere vanskeleg å finne til dømes plansaker som gjeldt på eigen eigedom. Kommunen skal kunne gje svar på slike spørsmål ved henvendelse. I dette tilfelle er det snakk om tilhøve rundt ein fylkesveg og eventuelt utviding av denne, og mogleg kan det ha skjedd ein misforståing om at det var ein plansak, men det er berre antakelse i frå rådmannen si side.

## **Punkt i klage til utforming av veg**

Rådmannen har ikkje gått inn og vurdert detaljane i spørsmålet om det let seg gjera å flytte fylkesvegen i tråd med klagar sitt ynskje. Fordelane og ulempene er heller ikkje vurderte. Saka er sendt til fagetaten Statens vegvesen og dei har sendt svar som vedlagt.

## **Statens vegvesen sin vurdering av klage**

Slik vi oppfattar saka, er spørsmålet om vi har merknader til om fv 410 vert flytta inntil 2 meter i høve til regulert veg. Vi stiller oss i utgangspunktet ikkje negative til eit slikt framlegg, men frå vår side er det ein føresetnad at det vert utarbeidd tekniske teiknar som viser endringa før vi tek endeleg stilling til saka.

Slik rådmannen vurderer svaret i frå Statens vegvesen vil dette krevje full prosjektering av vegen før dei tek stilling til spørsmålet. Då det ikkje umiddelbart er planar om å byggje den nye vegen vil det vere uhensiktsmessig av kommunen å detaljplanleggje ein veg som Statens vegvesen er ansvarleg for. Rådmannen vil innstille til at klagen i saka ikkje vert teken til følge, men at ein følgjer opp momenta i klagen når vegen skal prosjekterast.

### **Konklusjon**

Statens vegvesen syner til at fylkesveg 410 må detaljprosjekterast før dei kan vurdere om det er ei god løysing å flytte vegen 2 meter. Rådmannen si innstilling til vedtak i denne saka er difor ikkje å ta klage til følge, men vurdere vegen i samband med prosjektering i ei byggjesak.

### **Kommunestyret i Radøy - 007/2015**

#### **KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

#### **KS - vedtak:**

Klagen vert ikkje teke til følge. Vedtak fatta i kommunestyret i sak KS-027/13 vert stadfesta. Grunngeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33(2).

Klagen vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

#### **Vedlegg:**

Plansak 12602011000100 - detaljplan - Langhøyane bustadfelt - svar på vurdering av klage

Plansak 12602011000100 – detaljplan Langhøyane bustadfelt - vedr klage

Brev\_oktober\_2014\_vedr\_kommentarer\_klage\_regplan\_Langhøyane

Vedlegg 1

Vedlegg2

Plansak 12602011000100 - detaljplan - Langhøyane bustadfelt - klage på vedtak

Vedlegg